

Ønsker innspel på kva tilbygget til Aktivitetshuset skal innehalda.

10.09.2019



Denne gjengen inviterer sil svært interessant og spennande møte på torsdag.

Torsdag arrangerer prosjektgruppa som arbeider med utvidinga av Aktivitetshuset folkemøte kl.16.30 om ettermiddagen. I tillegg til det store klatretårnet og det utvida styrketreningsrommet ønskjer gruppa at huset skal gje eit godt og breidt tilbod til ulike interessegrupper. Derfor håpar dei at mange tar turen til møtet for å koma med sine innspel og behov når arkitektane frå Lala er på besøk.



Vigdís Gammelsæter og Christoffer Fossli er to av dei som går i bresjen for det spennande prosjektet.

Prosjektgruppa som har medlemmer ulike deler av Kvinnherad, - i tillegg til Uskedalen både frå indre og ytre luten, seier at dei håpar at hallen med påbygget skal bli meir anvendeleg for fleire brukargrupper. Målet deira er å skapa ein god sosial møteplass som skal gje rom for ei rekkje varierte aktivitetar for alle aldersgrupper.

På møtet håpar gruppa at mange stiller, og at det kjem fram mange gode idear. Då blir resultatet best mogeleg. Det kan absolutt vera relatert til andre aktivitetar enn klatring og idrett. Og kva med ein sosial plass for kaffi og prat? Eller ein leike- og lesestol? Lager?

På meg verkar dette møtet svært interessant. Dette er eit veldig spennande og spesielt prosjekt som verkeleg kan setja Kvinnherad på kartet.

Prosjektgruppa håpar på godt frammøte av interesserte frå heile kommunen. Det er altså i Aktivitetshuset kommande torsdag kl.16.30. Dei som kjem, får til og med servert pizza til middag!

Pressemelding om møtet som gruppa har sendt ut tidlegare, kan du lesa [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Klatregruppa og Kristian O. Bringedal.